



Notat

Dato: 21.12.2016
Arkivsak: 2016/412-42
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på oversendingsforslag om tilrettelegging for gåande og syklende på bruer i Hordaland

I møtebok for miljø og samferdsel for 7. april 2016 er det teke inn følgjande:

«**Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Veldig mange av bruene i Hordaland vart bygd på 60-, 70- og 80-talet. Diverre var ikkje trafikk sikring det som vart høgast prioritert då. Mange av dei har fortau som er så smale at verken barnevogn eller sykkel kan passera. Rekkverka er også ofte lave.

Spørsmål:

1. Kor mange bruer er tilrettelagt for gåande og syklende?
2. Kva kan gjerast for å få dei tilrettelagt for det?
3. Kva vil det kosta?"

På dei nyaste større bruene er det lagt til rette for gåande og syklende, med eigen sykkelveg ved sida av brua eller i nærleiken. Det føreligg ikkje tal over bruene i Hordaland som har tilstrekkeleg areal for gåande og syklende. Dersom det er aktuelt å setje av midlar til å ruste opp bruene i fylket med dette føremålet, kan Vegvesenet utgreie behovet.

Det finst ulike tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklende på eksisterande fylkesvegbruer. Til dømes utviding av eksisterande bru med eigen gang- og sykkelveg, innsnevring av køyrebane og bandlegge delar for gåande og syklende, og trafikkregulering.

Kostnader med utbetring av eksisterande bruer for gåande og syklende, vert frå nokre millionar for dei minste bruene til hundretals millionar for dei største. I einsskilte høve vil det vere behov for nybygg. Uansett teknisk løysing vil investeringsbehovet vera svært høgt.

Vedlegg

- 1 Svar frå Statens vegvesen - tilrettelegging for gåande og syklende på bruer